
Fra: Vatshelle, Øyvind <fmhooyv@fylkesmannen.no>
Sendt: onsdag 5. september 2018 10.53
Til: Aase Nøttveit (aase.nottveit@fitjar.kommune.no); Anders Gjøstein; Andreas Granli; Annbjørg Bue ; Berit Hallaraker ; Birgitte Ødven (Birgitte.Odven@sund.kommune.no); Bjørn Hystad ; Dagfinn F. Bjørge ; Eidfjord kommune (postmottak@eidfjord.kommune.no); Eli Bjørklid; Eva Herdlevær (Eva.Herdlever@askoy.kommune.no); Geir Ragnhildstveit; Geir Røssland; Gerd Lithun (gerd.lithun@bergen.kommune.no); Helene Dahl (Helene.Dahl3@bergen.kommune.no); Håvard Tveit; Inger-Lise Oen Hellesund Sæle (Øygarden kommune); Ingrid Riise; Ingrid Riise (Eidfjord); Jan Tjosås; Johan Bergerud (Johan.Bergerud@fusa.kommune.no); Jorunn Kårvatn; Kari Mostad, Voss; Kari Rydland; Karianne Tveitnes (karianne.tveitnes@fusa.kommune.no); Karin Thauland; Kjartan Nyhammer; Laila Bjørge; Lars Johan Fjelde; Lars Præstiin; Marius Flemmen Knudsen; Martin Ivar Henden; Martin Skram Vatne; Nils Kaalaas; Nils-Yrje Kirste (Nils-Yrje.Kirste@fjell.kommune.no); Njål-Gunnar Slettebø; Odda kommune; Oddbrjøg Vestrheim; Ole-Karsten Midtgård; Ottar Myrtveit; Postmottak Radøy; Ragnhild Underhaug Ness; Rannveig Børve; Reidar Rødne ; Rolf Erling Loe; Rune Østraat - Ulvik (Rune.Ostraat@ulvik.kommune.no); Siren Tømmerbakke (Siren.Tommerbakke@fusa.kommune.no); Sund kommune; Thea Draugsvoll; Thomas Sjøflot; Tore Eik; Tore Henrik Øye; Trine Austigard Aadnevik (trine.austigard.aadnevik@askoy.kommune.no); Trine Hilstad; Trine Hilstad (Eidfjord); Trygve Vik; Vivik Rimestad; Øystein Hafnor Kolstad; Øystein Svalheim (oystein.svalheim@fusa.kommune.no); Åshild Irene Lie
Kopi: Andersen, Nina Golten
Emne: Ekstra dreneringstilskot - påminning om fristar SMIL mm

Dreneringstilskot

Fylkesmannen har mykje meir midlar tilgjengeleg for 2018, etter ekstratildelingar frå Landbruksdirektoratet. De kan trygt minne folk på at det er mogleg å søkje om dreneringstilskot, og kommunen får ekstra ramme frå oss ved behov.

Avklar ekstra ramme til kommunen med Nina Andersen, fmhonga@fylkesmannen.no Det er enklast med fortløpande melding om ekstra behov, og vi vil svare kjapt.

Hugs dokumentasjon før utbetaling av dreneringstilskot, inkludert at kommunen må få inn detaljert kart som visert faktisk plassering av grøfter og andre dreneringstiltak. Løyvd dreneringstilskot fell bort for alle tiltak som ikkje er gjennomført innan fristen, og der søkjaren ikkje har spurt om utbetaling innan éin månad etter fastsett frist. Fristen kan ikkje bli forlenga, og det er ikkje mogleg å søkje om dispensasjon. . (Jamfør rundskriv, til § 5 og § 12).

SMIL-tilskot

Hugs frist 31. oktober for å vere ferdig med sakshandsaming, inkludert kopi til Fylkesmannen. Midlar som ikkje har blitt brukt innan denne fristen kan Fylkesmannen trekke tilbake utan varsel, til bruk i kommunar med konkrete behov. Midlar i ansvar og utgått arbeidsfrist kan bli rekna med blant unytta midlar i kommunen, og som dermed kan bli trekt inn av Fylkesmannen. Ta kontakt

med Nina Andersen fmhonga@fylkesmannen.no før nye løyvingar, dersom de er i tvil om kor mykje kommunen har igjen av ramma for SMIL-tilskot.

Generelt

Vi minner om at kommunen fortløpande skal trekke inn tilskot der gjennomføringsfristen har gått ut. Ved inntrekking no har kommunen høve til å omdisponere midla sjølv. Vi vil gjere særskild merksame på tiltak der maksimal arbeidsfrist har gått ut, då dette vil vere midlar som er direkte tilgjengeleg for omdisponering. Kommunen skal trekke inn med det same. Maksimal arbeidsfrist er 3 år for dreneringstilskot og 5 år for SMIL-tilskot.

Sjå meir informasjon om forvaltninga av tilskot til SMIL og drenering i *Forventnings- og tildelingsbrev til kommunane i Hordaland på landbruksområdet 2018*, datert 23.2.2018.

Med venleg helsing

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
landbruksavdelinga
tlf: 55 57 21 78

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)